



Torbjørge Eitrheim Bergersen
Galtenesvegen 9
5918 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/8466 - 22/91308

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
29.11.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 323/261 Frekhaug

Tiltak: carport
Byggjestad: Gbnr: 323/261
Tiltakshavar: Torbjørge Eitrheim Bergersen
Ansvarleg søkjar: Torbjørge Eitrheim Bergersen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.11.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det skal søkjast om dispensasjon frå føresegne i reguleringsplanen § 7. Det står følgjande i føresegn:

§ 7

For kvar bustad skal det vera minst 1,25 oppstillingsplassar for bil. Der ikkje anna er vist på planen, skal biloppstillingsplass vera i fellesanlegg. Det er ikkje høve til å opparbeida garasje eller biloppstillingsplass på eigen tomt der atkomst til tomten er frå køyrbar gangveg.

2. Samferdsel-, veg , vatn og avlaups avdelinga har uttalt følgjande i sak 22/7179 den 07.10.22:

Ut i frå søknad vil carport vil være plassert nærare kommunalt leidningsnett enn avstandskrav på 4,0 meter. Avstand frå leidningsnettet utløyser krav om søknad om dispensasjon frå avstandskrav (jf. «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Adm. bestemmelser» kap. 3.4)

Du har fått uttale oversendt den 18.10.22. Det skal søkjast om dispensasjon frå avstand til kommunale leidningar i vegen då den er mindre enn 4,0 meter. Søknaden skal handsamast av Samferdsel-, veg , vatn og avlaups avdelinga før vedtaket etter plan-og bygningslova vert fatta.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 30.12.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Torbjørge Eitrheim Bergersen

Galtenesvegen 9

5918 FREKHAUG